



Nye hus i sentrum side 4 og 8  
Sel eit smykke side 12-13  
Nye interiørtrendar side 30-31

# Satsar stort på utsikt



**NYTT TOMTEFELT:** Syskenparet Lene og Olav Bekkhus Ødegården satsar friskt på nytt tomtefelt. Dei har mellom anna fått med seg Jan Einar Stølan (t.h.) på laget.

SIDE 2-3



**ER GODT I GANG:** Syskena Olav og Lene Bekkhus Ødegården ute i tomtefeltet på Ødegården panorama. Bak ser ein nokre av husa som allereie er bygd i feltet.



**MINDREHUS:** Her er Jan Einar Stølan i eit mindrehus frå Fleksihus. Dette er eit visningshus på seks ganger 2,5 meter.



**ØDEGÅRDEN:** Nedanfor bustadfeltet finn ein eigedomen Ødegården som foreldra til Lene og Olav bur i. Bak ser ein Gvarv sentrum og blant anna jernbanebrua heilt til venstre.



**UTVIKLAR BUSTADFELT:** Syskena Olav og Lene Bekkhus Ødegården jobbar med å utvikle bustadfeltet som faren starta på i 2012. No er dei klare for å ta prosjektet eit langt steg vidare.

# Sysken legg ut nytt i Ødegården

**Eit nytt bustadfelt er i startgropa i regi av syskena Lene (29) og Olav (23) Bekkhus Ødegården. Dei er unge og har spennande planar. Nå kan dei by på tomter med fin utsikt mot Norsjø.**

Øystein Akselberg

oystein@bøblad.no - tlf. 906 38 453

Bustadfeltet som dei to tomteutviklarane jobbar med har i dag ti tomter som er seld og delvis bygd på, men det er meir plass og resten av det nye feltet er nå klar for utvikling og sal.

All infrastruktur er gjort med veg, vatn, avløp og gatelys, ifølge Olav og Lene Bekkhus Øde-

gården, som har teke over og skal setje fart på og vidareutvikle bustadfeltet.

## Spennande løysingar

Det er foreldra deira, Tor Olav og Tone B. Ødegården, som har etablert det store bustadfeltet i åssida ovanfor Gvarv, kalla Ødegården panorama.

– Me har eit felt som gjev stor fleksibilitet i forhold til type hus. Tomtene er store og her kan interessentar byggje alt frå firemannsbustader, via tomannsbustader til einebustader. Her er også tomter for fleire såkalla «mindrehus», seier søskena Lene og Olav.

Feltet har per i dag elleve ledige tomter som no blir lagt ut for sal.

– Målet vårt er at me i løpet av neste år også skal byggje hus i eigen regi for sal på marknaden, seier dei.

– Det er eit krevjande prosjekt, men me er ivrige og glade for å kunne vidareføre det som faren vår starta, seier dei to unge med stort pågangsmot.

Dei to syskena har base i Skien

og til dels Oslo.

– Me vil gjerne tilbake til Gvarv ein gong i framtida, seier dei to, som ordnar det meste sjølv.

– Det er ein lærerik og spennande prosess, og me kjem stadig utanfor komfortsona. Me investerer både mykje midlar og tid i prosjektet, men har stor tru på dette fine bustadfeltet, seier dei to.

## Stølans småhus

Med seg på laget har dei bøherringen Jan Einar Stølan som er meir kjend som «hyttekongen» på Lifjell. I Ødegården panorama er han med som agent for Fleksihus, som tilbyr ein type «mindrehus» som kan leverast i lengder på åtte, tolv eller fjorten

meter

– Eg hjelper til med sal av mindrehus til tomtekjøparar på feltet, seier Stølan.

Han har eit mindrehus som skal leverast til ein kjøpar og har to interessantar til. Stølan har sjølv kjøpt ei tomt på feltet for å utvikle det vidare, og vil setje opp to mindrehus for sal.

– Mindrehuset som skal setjast opp her er på tolv ganger fire meter og har stort IKEA-kjøkken og uteplatting. Det er eit spennande og interessant prosjekt, seier han, og legg til at det er stor interesse for mindrehus.

Eit mindrehus på 48 kvadratmeter kostar i overkant av 1,5 millionar kroner og med tomt og grunnarbeid får ein seg eit lite



ALLE FOTO: Øystein Akselberg

# bustadfelt

hus til mellom 2,1 og 2,3 millionar kroner.

– Det passar godt for folk som vil ut av sin store einebustad og heller ha noko enkelt, seier Stølan.

Stølan rosar dei to unge bustadfeltutviklarane.

– Dei gjer ein fantastisk god jobb, legg ned mykje arbeid og har investert mykje pengar. Eg har god

tru på at dei vil lykkast i å utvikle dette fine tomtfeltet. Det er berre å skode utover så skjønnar ein at her det fint å ha hus, seier Stølan.



**MED PÅ LAGET:** Jan Einar Stølan (t.v.) er agent for mindrehus frå Fleksihus og skal bistå med å tilby hustypen i bustadfeltet til Lene og Olav.

## Ekspert-senteret

Fagfolk • Boligidéer • Miljø

Ditt lokale kompetansehus innen hus og hjem!

**Bruk Ekspert-Senteret til ditt neste prosjekt!**  
Det lønner seg å bruke fagfolk som kjenner hverandre.

HVITEVARE SERVICE

MESTERLYS

SIGDAL OG NOREMA

### PÅ SENTERET FINNER DU

#### 1. ETG

**POWER**

Hos Power sørger prisroboten for at du får samme lave pris i butikk som på nett.

Åpningstid kl. 10-18 (16)  
Tlf. 35 06 03 50

**MESTERLYS**

Stort utvalg av spennende lamper, lyspærer og interiør.

Åpningstid kl. 10-18 (16)  
Tlf. 35 06 03 50

**NOREMA**

Norema by Power er et utvalgt kjøkken-sortiment som selges flatpakket via Power.

Åpningstid kl. 10-17 (16)  
Tlf. 35 06 03 50

**HVITEVARE SERVICE**

Service, vedlikehold og reparasjon av hvitevarer.

Åpningstid kl. 08-16 (lørdag stengt)  
Tlf. 35 06 03 50

**sigdal**

Norskprodusert kvalitetskjøkken, baderom og garderobeløsninger.

Åpningstid kl. 10-17 (16)  
Tlf. 35 06 03 50

#### 2. ETG

**BØ INSTALLASJON**

Utfører alt innen mur, puss og flisarbeid. Se vår store flisutstilling.

Åpningstid kl. 08-15.30 (lørdag stengt)  
Tlf. 35 06 03 30

**3D arkitekter as**

Fretdsrettede elektrikere med løsninger bygget for fremtiden.

Åpningstid kl. 07-15.30 (lørdag stengt)  
Tlf. 35 06 03 50

Arkitektjenester for alle typer tiltak.

Tlf. 91 75 21 29  
post@3d-arkitekter.no

**På jakt etter kontorlokaler midt i Bø sentrum?**

Vi har nå 3 ledige kontorer ut mot stasjonsvegen!

- Gode profileringsmuligheter
- Fastpris inkludert strøm
- Mulighet for leie av lagerlokale på 70m<sup>2</sup> i tilknytning til kontor

Kontakt oss: post@ekspertsenteret.no | Tlf. 97 58 88 28

På senteret finner du også:

NPF Telenor

**BØ TRAFIKKSKOLE**

**EKSPERT-SENTERET | STASJONSVEGEN 17, 3800 BØ**



**UNIKT PROSJEKT I SENTRUM:** Bygginga er godt i gang på tomteområdet Årvoll sør i Lektorvegen i Bø sentrum. F.v. eigedomsmeklar Berit Seltveit, entreprenør Gunnar Snippen, prosjekteigarane Tore og Elin Håndstad.

FOTO: Øystein Akselberg

# Byggjer sunne hus

**På eigedomen Årvoll sør skal familien Håndstad byggje tre einebustadar og ein tomannsbustad. Nye einebustadar for sal i sentrum er sjeldan å finne i Bø.**

Øystein Akselberg

oystein@boblad.no - tlf. 906 38 453

Familien Håndstad har budd i Bø sentrum i 30 år. Her har Elin Thonhaugen Håndstad og Tore Håndstad sitt eige bustadhus på ei stor tomt som har namnet Årvoll sør.

I 2020 blei det sett fart på idéen om å utvikle tomta med fleire bustadar. I samarbeid med naboeigedomen blei det derfor laga reguleringsplan for bustadformål og fortetting som krav. Kommunen sine planar om å bandleggje heile dette villaområdet i Lektorvegen stoppa planane i mange år, men det er historie nå.

## Miljøhus i heiltre

Elin og Tore er overtydd om at laftehusa i heiltre frå den finske produsenten Finnlamelli gjev det beste inneklimaet. Dei har vore i Finland og sjekka ut hustypen.

– Desse husa i heiltre og lafta gjev ein følelse av ro og har ei heilt eiga stemning, seier Elin og Tore.

Dei legg til at dette er sunne

og pustande hus, i kontrast til dagens svært tette hus med ventilasjonsanlegg.

På eigedomen blir det nå planlagd tre nye einebustadar og ein tomannsbustad. Bustadhusa får bruttoareal på 163 kvadratmeter, medan bustadane i tomannsbustaden blir på 136 kvadratmeter.

Thomas, sonen til Elin og Tore, skal ha den eine busta-

den, medan dei andre er ute på marknaden.

– Det er unikt å kunne selje nye einebustader sentralt i Bø sentrum, seier eigedomsmeklar Berit Seltveit i Lokalmegleren & Partners.

Første trinn i byggjeprosjektet er einebustaden til privat bruk, så kjem resten av prosjektet etter kvart.

På eigedomen kjem det carport og bodar til kvar bustad, som får felles innkøyring og renovasjonsanlegg med nabotomta.

## Lokale entreprenørar

Ekteparet Håndstad har vald Gunnar Snippen og GS Byggtech som entreprenør for bustadprosjektet sitt.

GS Byggtech tel i dag sju tilsette, der fem er snikkarar.

– Eg blei spurta om å bli med på prosjektet tidleg i prosessen, men det var familien Håndstad som alt frå dag ein ville ha tømmerhus, seier Snippen.

Han legg til at det stod om eit par alternativ før valet fall på massivtrehusa til finske Finnlamelli.

GS Byggtech har erfaring med denne leverandøren frå før og handlar dei inn frå hovudimportøren TIL-Huset i Porsgrunn.

Snippen har som entreprenør ansvar for å få inn aktuelle underentreprenørar.

– Det er lokale aktørar som står for arbeidet her, seier Snippen, og reknar opp Groven og Karlsen på grunnarbeid, Tele-

mark betongpuss og forskaling, Midt-Telemark Elektro og Midt-Telemark Rør.

Snippen kan også fortelje at det vert nytta glasopor i grunnen under bygga på tomta.

– Det er det me kallar kompensert fundamentering, som sikrar at grunnen ikkje blir utsett for større vektrykk med ferdig bygg på plass, enn det var før bygget blei sett opp.

Husteikningane er frå teiknekontoret G. Hagen, og Mari Gaara har vore fargekonsulent.

– Me vil at kvart bygg har sin eigen identitet og me har brukt fargar som er henta frå nabologat, seier Elin.

Ho legg til at ein hyggeleg raudfarge på taksteinen var eit enkelt val.



**LEKTORVEGEN I BØ:** Droneskisse av tomta i Lektorvegen med tre nye einebustader og tomannsbustad. 3D Huset. FOTO: Illustrasjon



**VILLASTRØK:** Bustadprosjekt med tre einebustadar og ein tomannsbustad. FOTO: Illustrasjon



**Vi forhandler **

Ta gjerne en tur innom på vår hjemmeside [tbeas.no](http://tbeas.no) eller på [idehus.no](http://idehus.no) der du finner et rikholdig utvalg av boliger, hytter eller garasjer.

Du kan også kontakte Kristian Eika på 45213 811 eller på [kristian@tbeas.no](mailto:kristian@tbeas.no)

# TBE

Telemark ByggEntreprenør AS

Din lokale  
byggentreprenør

Telemark ByggEntreprenør AS er entreprenør-  
og boligleverandør med kontoradresse  
Torshølvegen 8, 3810 Gvarv.

Vi har i dag 35 fast ansatte og har vårt  
nedslagsfelt i hele Telemark.



**SVIGERMORS TUNGE:** Svigermors tunga er tilbake som ein av haustens trendy planter.



**ORKIDE:** Orkide går ikkje av moten. Fargespekteret er stort.



**CALATHEA:** Calathea er ei frodig og flott plante som kjem i mange ulike fargenyansar.



**GRØN OASE:** Veslemøy Gundersen med philodendron, ei av hennar favorittplanter.

# Grønt gjer noko me

**Tropisk flora og minimalistisk eleganse er moderne denne hausten. – Det er trendy å ta inn naturen, seier Veslemøy Gundersen.**

Gro Birgitte Røiland

gro@boblad.no - tlf. 930 22 398

Det bognar av levande vekstar i blomsterbutikken i Bøgata 32. Her er hausten prega av grøne planter i ulike storleikar og nyansar, men også fargerike blomster i lyng- og haustfargar.

Innehavar Veslemøy Gundersen i Blomsterstemning fortel at terskelen for å kjøpe snittblomster og bukettar til seg sjølv er blitt lågare enn før.

– Det handlar om kvardagslyk-

ke. I ei uroleg verd er det å gjera det hyggeleg rundt seg blitt viktig for folk. Eg meiner blomster burde vore på blå resept. Det gleder og gjer noko med psyken og humøret, seier Veslemøy.

Også blomsterbransjen er ein del av motebildet. Grøne planter er vesentleg i haustens interiørtrend. Det gjeld både kontorlandskap og i private heimar.

– Det er trendy å ta inn naturen.

Mose- og grøn plantevergg blir mykje brukt i kontorlandskap, seier Veslemøy.

I bustad er det færre og gjerne store planter som gjeld. Mange blomsterpotter på rekke i vindaugekarmen er ikkje særleg trendy.

## Tropisk og minimalistisk

Ifølgje Veslemøy er det to ulike retningar som dominerer denne hausten. Den eine er tropisk flora, den andre er minimalistisk eleganse.

Tropisk flora er frodige planter med store blad, som gir kjensle av jungel. Papegøyebomst og monstera høyrer til denne trenden. Veslemøy fortel at fleire kjøper store planter til å fylle store, høge vindauge.

Dei som heller vil ha reine, stramme liner og minimalistisk eleganse frå planteverda, kan mellom anna velje svigermors tunga og porselensblomst i mange variantar. Klassikarane frå nokre tiår tilbake har blitt trendy igjen.

På Blomsterstemning merkar dei at mange kundar er bevisste på kva dei vil ha.

– Folk har skjønt at det går an å etterspørje spesielle ting. Ofte spør dei etter planter dei har sett på sosiale medium. Me kan skaffe mykje eller finne gode alternativ, seier Veslemøy, som har fire leverandørar, to norske og to nederlandske.

## Likar det frodige

Ulike krysninger og hybridar og

det å samle på sjeldne planter er populært. Mange samlar på såkalla variegata, som betyr at ein plantesort kan kome i ulike mønster og fargar.

Planter og blomster kan bety mykje for trivsel og miljø.

– Når så mykje er digitalt, kan det vera viktig å få inn meir levande ting i huset. Grøne planter gir også betre luft, og grønfargen er beroligande, seier Veslemøy.

– Kva for planter likar du best sjølv?

– Eg likar det frodige. Philodendron, som kjem i uendeleg mange fasongar og storleikar, er ein av mine favorittar. Eg elskar planter, det gjer ein heim, seier Veslemøy Gundersen.



ALLE FOTO: Gro B. Røiland

# d humøret



**BLÅ RESEPT:** – Blomster burde vore på blå resept, meiner Veslemøy Gunderson.



NORDBØÅSEN

## 37 nye byggeklare tomter i 2025

6 tomter er  
byggeklare  
nå!

Velkommen til visning av tomter  
og leiligheter på Nordbøåsen

Søndag 6. oktober kl 14.00-16.00

Søndag 13. oktober kl 14.00-16.00

Det blir kaffe og bålkos ved Skibrua



Se våre flotte  
leiligheter på  
Nordbøhagen

For mer informasjon:  
Marita K. Veum,  
tlf. 485 14 218 / marita@itvas.no

[www.nordbøåsen.no](http://www.nordbøåsen.no)



**LEKTORVEGEN 20:** Mona og Rune Tveitan ved den nye firemannsbustaden saman med prosjektleiar Sigmund Verpe i Telemark Byggentreprenør.

FOTO: Øystein Akselberg

# Nytt i Lektorvegen

**Mona og Rune Tveitan har suksess med bustadprosjektet sitt i Bø. No doblar dei satsinga og trykkjer på startknappen for neste byggjetrinn.**

Øystein Akselberg

oystein@boblad.no - tlf. 906 38 453

Gjennom selskapet sitt MRT Ei- gedom AS har ekteparet Mona og Rune Tveitan tatt sats og hiv seg på byggjebransjen. Dei har utvikla ei tomt midt i smørauet i Bø sentrum, og følgjer såleis Midt-Telemark kommune sin plan om å fortette sentrum.

– Me er optimistiske for bu- stadmarknaden. Me merkar at det er fleire interessentar som vil sjå på leilegheitene våre. Fleire har venta litt på betre tider og er no på utkikk i marknaden, seier Mona.

Tomta som ho og Rune har utvikla ligg i det rolege villastrøket mellom Bø sjukeheim og Bø skule, med Lektorvegen på den eine sida og Gamleveg litt lenge bak på den andre. Adressa til det nye bustadkomplekset er Lektorvegen 20.

Mona og Rune har planane klare: Byggjer leilegheit i villastrøk

juli 2023 starta bygginga i regi av Telemark Byggentreprenør. Det er no bygd ein firemannsbustad med fire leilegheiter som har eit bruksareal på 112 kvadratmeter. Bygget har eigen carport med bodar og eigen sykelbod. Her er vassboren varme i golvet og to energibrønnar på 200 meters djup i bakken.

– Dette er ganske store leilegheitene. Dei passar for folk som

vel å flytte frå einebustad til ein leilegheit i sentrum. Tre av dei fire er sold. No legg me ut den fjerde for sal også, seier Tveitan-paret, og legg til at bustada blir organisert som burettslag.

Prosjektet har så langt ei in- vesteringsramme på rundt 20 millionar kroner. Den fjerde leilegheitina blir lagt ut for sal til prisen 5,470 millionar kroner. Bustadprosjektet har felles inn- køringsveg og avfallsordning med naboeigedom.

Leilegheitene har eit bruks- real på 112 kvadratmeter og har tre soverom og to bad.

## – Stille og roleg

Ekteparet Bjørg og Oddvar Slåttun bur i ein av leilegheitene.

– Dei kom flyttande frå Skien i juli, og har budd på Hørte i 14 år tidlegare.

– Me likar oss veldig bra her. Det kan nesten ikkje bli betre. Her er det stille og roleg. Det stod mellom Stasjonsvegen og Lektorvegen og me var aldri i tvil, seier dei, og legg til at å bu nær sentrum har vore viktig for dei.

– Det er moro for oss å høyre at folk likar seg i leilegheitene, seier Mona, og legg til at dei sjølv har stått bak design av leilegheitene.

## Satsar vidare

Alt er gjort klart når det gjeld grunnarbeid for neste byggjetrinn. Ein ny firemannsbustad skal byggjast.

– Me har så stor tru på dette prosjektet at me set i gang neste byggjetrinn, seier Mona og Rune, og legg til at det er artig å tenkje tilbake på at dette var ei tomt med eitt gammalt hus og ein stor eplehage før.

Paret har med seg Telemark Byggentreprenør også i det vidare arbeidet, og prosjektleiar Sigmund Verpe rosar både prosjektet og samarbeidet med prosjekteigarane.

– Dei kan vere stolte av bu- stadprosjektet sitt og som entre- prenør er me svært glade for å vere med på laget også vidare, seier Verpe.

Dei reknar med byggjestart på neste trinn skjer i løpet av hausten.



**FIREMANNSBUSTAD:** Her ser ein vestsida av bygget med store vindaugeflater og uterom.

FOTO: Øystein Akselberg



**NYTT BUSTADKOMPLEKS:** Mona og Rune Tveitan har treft godt med byggjetrinnet i Bø sentrum. Her er dei i den fjerde leilegheitina som kjem for sal. FOTO: Øystein Akselberg

# Trygghet når du trenger elektriker

Hos oss kan du føle deg trygg på at jobben er utført av dyktige fagfolk. Vi har bred kompetanse innen blant annet Smarthus, belysning, solceller, el-kontroll og termografi, og leverer alt av elektrotjenester til private og næring.



mitek-as.no  
Tlf. 35 10 24 00  
post@mitek-as.no



## VÅR FAGKOMPETANSE DIN TRYGGHET!

*Vi er din lokale elektriker i Telemark, med over 20 år i bransjen. Våre elektrikere besitter kompetansen som sikrer trygge og gode elektriske anlegg, i private hjem, næringsbygg og landbruk.*

### Noen av våre tjenester:

- Solcelleinstallasjon
- Varmepumpe
- Vannbårne varmepumperløsninger
- Elbillader
- LED-belysning
- Smarthus og energieffektivisering
- Elkontroll

Ta kontakt for gratis befaring.

Telefon: 35 06 10 00  
Gullbringveien 10, 3800 Bø  
elektroplusstemark.no



-en del av KONSTEL





**GOD STEMNING:** Eivind Myhre og Oddvar Kaasine har kjent kvarandre sidan Eivind var 16 år og utplasseringselev hos Oddvar i MT Bygg.

FOTO: Gro B. Røiland



**SPENNANDE HUS:** Eivind Myhre og Sveinung Lønnestad sette opp huset til Frid Berge og Frank Rosell i 2016. Det var eit spennande hus å bygge.

FOTO: Bø blad, arkivfoto



**LIFJELL:** Hus av typen Lifjell frå Vestlandshus.



**DAGLEG LEIAR:** Dagleg leiar i Midt-Telemark Bygg, Eivind Myhre, med husa Saksa og Gaustatoppen.

# Nå er det smarte val

**Hos Midt-Telemark Bygg på Grivimoen kan ein bestille både Lifjell og Gaustatoppen. Dagleg leiar Eivind Myhre håper snart å kunne utvide med Glekse og Jøronnatten.**

*Gro Birgitte Røiland*

gro@boblad.no - tlf. 930 22 398

Ved årsskiftet gjekk snikkarverksemda Midt-Telemark Bygg over frå Blå Bolig til å forhandle hus frå kjeda Vestlandshus. Den har hus i kategoriene tradisjon, nordisk og moderne. Eivind Myhre, dagleg leiar og eigar av

MT Bygg saman med Sveinung Lønnestad, likar arkitekturen til kjedehusa frå Vestlandshus.

– Dei er litt meir på og i tida, mellom anna med arealeffektive hus med smarte løysingar. Det er viktig når det er blitt meir kost-

bart å bygge. Eg trur at ein framover vil sjå meir av arealmessig mindre hus, seier Myhre.

#### Starta som lærling

Midt-Telemark Bygg har sett opp hus for folk i Midt-Telemark sidan 2003. Da etablerte Oddvar Kaasine og brødrene Tom og Atle Lundtveit firmaet Kaasine og Lundtveit AS.

Da Eivind Myhre, Sveinung Lønnestad og Thomas Valen kjøpte firmaet i 2019, endra dei namn til Midt-Telemark Bygg. Ved årsskiftet gjekk Valen ut av firmaet, og nå står Myhre og Lønnestad som eigrarar.

Dagleg leiar har eit langt og nært forhold til snikkarverksemda. Da Eivind, som nå er 36 år, var 16 år gammal og gjekk på yrkesskulen, starta han som utplasseringselev hos Oddvar to dagar i veka. Da læretida var fullført, blei det meir skulegang og to år hos HRL Entreprenør i Grenland.

Eivind ville oppover att. I 2012 bygde han hus heime i Lunde og fekk seg jobb som snikkar i Kaasine og Lundtveit AS.

#### Mykle rehabilitering

Midt-Telemark Bygg har nå til saman tretten tilsette i 10,2 årsverk. Ti snikkarar utgjer fem snikkar-

lag. Oddvar har pensjonert seg, men har framleis ei lita stilling i bedrifta han var med og starta.

I 2023 hadde Midt-Telemark Bygg ei omsetning på nærmare 20 millionar kroner. Året før låg det på 16 millionar og i 2021 på rundt 20 millionar kroner.

Eivind reknar ikkje med tilsvarande tal i 2024. Marknaden har endra seg i takt med renta og byggekostnadene, og bestillingane har vore annleis det siste året.

– Det har gått meir i rehabilitering av eldre hus, noko me har jamt og trutt. Eg trur folk ventar på at renta skal stabilisere seg. Nå ser eg at det byrjar å kome spør-



FOTO: Gro B. Røiland

# DS HUS som gjeld

mål om husbygging igjen, noko som har auka på etter sommarferien, seier Eivind.

#### Endra smak

Da Eivind bygde hus til seg sjølv, blei det i tradisjonell stil. Med åra har han endra smak.

– Viss eg hadde bygd nå, hadde det heilt garantert blitt i meir moderne stil, seier Eivind.

Som snikkar og prosjektleiar har han vore med på mange bygg, både kjedehus og andre hus. Det som skil seg mest ut er

funkishuset til Frid Berge og Frank Rosell på Langkåshaugen.

– Me har bygd mange tøffe hus, men det er det mest spennande eg har vore med på. Det er bra når folk tør bygge litt utradisjonelt, seier Eivind.

Det mest utradisjonelle i Vestlandshus-katalogen er Slogen, oppkalla etter ein fjelltopp i Sunnmørsalpane.

– Det hadde vore noko og bygd på toppen av Nordbøsåsen, seier Eivind Myhre.

#### Lokale fjelltoppar

I katalogen til den nye samarbeidspartnaren er det hus i alle stilartar. Felles for husa til kjeda er at dei har namn etter norske fjelltoppar.

Sjølv om Vestlandshus er Ålesunds-firma, har dei både Gaustatoppen og Lifjell som husnamn. Eivind vil jobbe for å få lokale fjelltoppar i Midt-Telemark inn i huskatalogen.

– Det må bli Gleks og Jøronnatten, seier Eivind Myhre.

## MØBELTAPETSERING OG SØM!



- Trekker om alle typer møbler
- Syr og trekker om båtputer
- Reparerer båtkalesjer

**Godt utvalg av møbelstoffer, skai og hud**  
**Vi henter og bringer møbler**  
**Hjembesøk-kort leveringstid-konurransedyktige priser**



Hildes Møbel & Sy Verkstad

*Hilde's* **Møbel & Sy Verkstad**

Bygdevegen 3, 3812 Akkerhaugen - tlf. 47073812  
e-mail: hildes.syverkstad@gmail.com



### Mer enn et boliglån

**Hos oss får du personlig rådgivning  
og en fast kontaktperson**

Vi holder til i Stasjonsvegen 33. Ta kontakt på telefon 915 07 583  
eller avtal et møte med oss på skuesparebank.no

# Sel huset sitt: – Det

**– Me sat inne og tenkte ut, seier Trine Hofvind om huset ho og mannen bygde for 19 år sidan.**

Marta Kjøllesdal

marta@boblad.no - tlf. 976 88 692

– Det er veldig gjennomtenkt, understrekar Trine Hofvind og Ole Sigurd Nyvold Hansen. No sel dei likevel heimen sin og flytter frå stor hage, romsleg hus og landleg idyll svært sentralt i Gvarv, til leilegheit i Oslo sentrum.

– Det blir ein kjempeforskjell, men det blir spennande. Me har vore her i 20 år og budde i huset ved sidan av frå 1996, seier Nyvold Hansen.

Han tykkjer huset dei bygde i Tangenvegen vart veldig bra, men no er dei klare for å prøve nokon anna.

## Tenkten innanfrå og ut

Eitt av ønskja deira då dei planla huset var overbygde verandaer.

– Då kunne ungane sove ute, fortel Hofvind.

Der dei budde tidlegare var det overbygde sitteplassar ute og dei likte godt å sitte der når det regna. Det ville dei også ha her, og det har dei fått til ved hjelp av dei to verandaene.

Hofvind forklarar at det er ein meter takutstikk og det gjer veldig mykke med utsjånden til huset.

– Eit utruleg nydeleg tak, tykkjer ho.

Men det er også veldig praktisk. Dei har mange vindauge, ikkje minst i stova der dei har store vindauge på bakkeplan.

– Taket er genialt. Det ligg aldri sno framfor vindauge. Når det regnar er det tørt framfor, og det er veldig beskyttande, seier Hofvind.

Ho trur taket og verandaene er med på å gi huset eit litt annleis preg.

Tanken då dei bygde var også at det skulle vere enkelt, lettstelt og solid. Og det fortel dei at dei har fått til.

– Og det er pent, legg Hofvind til.

Veggane er av betong, pussa på utsida, og det har gipsplater inne. Huset toler at villvinen slynger seg opp etter veggane.

– Den må likevel ikkje få nå taket, understrekar Nyvold Hansen.

## Panorama mot Lifjell

Huset ligg i Tangenvegen på nordvest-sida av jernbanen på Gvarv, nærmast vis a vis stasjonsbygningen. Gata ligg så godt som midt i sentrum, likevel litt bortgøymt. Tomta er stor, på



**FLYTTER TIL BYEN:** Trine Hofvind og Ole Sigurd Nyvold Hansen tykkjer det er enklare å reise frå huset når dei er fornøgd med det.

over fire mål, og strekkjer seg nesten heilt til bekken nedanfor. Huset ligg nesten heilt framme på bakkekanten. Også det er gjennomtenkt. Ein ser rett mot Lifjell.

– Huset skulle ligge slik på tomta så me fekk den utsikta, det skulle ikkje vere ein stor hage imellom, forklarar Hofvind.

Andre krav dei hadde då dei bygde var at det skulle vere funksjonelt. Dei ville heller ikkje ha trappa ved inngangen,

eller mange vindauge på nordveggen.

– Det er på det hjørnet nordavinden kjem, seier ho.

Eit bad nede ved inngangen ville dei ha, det er kjekt når ein kjem inn frå hagen.

## Svært mange utgangar

– Eg trur me er dei som har flest utgangar rundt her, konstaterer Hofvind.

Me står ved kjøkkenet. Det er open løysing for kjøkken og stove. I kjøkkenkroken er det ei dør med vindauge i, ut til ein

uteplass.

– Denne her er kjempedeilig.

Der kan ein sitte å drikke kaffi eller te. Er det litt vind er det ly der, seier ho om plassen utanfor kjøkkenet. Den ligg i ein huk på sørveggen ved hagestova, eitt av dei to drivhusa som er bygd inn til huset.

Eit par meter bortanfor denne døra, på same veggen, er det ei dør ut til ein av verandaene på sørveggen. På vestveggen er det to franske vindauge, med doble vindauge frå golv til tak, som kan opnast.

Rommet ligg i enden der ein ser rett mot Lifjell i vest. Det er dør ut til ein av verandaene på sørveggen. På vestveggen er det to franske vindauge, med doble vindauge frå golv til tak, som kan opnast.

Paret hadde det ei tid som sove-

– Her ser me meir eller mindre heile Lifjell, seier Nyvold Hansen.

## Plass til yoga

– Det var som å sove i ei tre-toppespytte, seier Hofvind om rommet i andre etasje som no er bibliotek.

Rommet ligg i enden der ein ser rett mot Lifjell i vest. Det er dør ut til ein av verandaene på sørveggen. På vestveggen er det to franske vindauge, med doble vindauge frå golv til tak, som kan opnast.

Paret hadde det ei tid som sove-

# t finst ikkje maken



ALLE FOTO: Marta Kjøllesdal



STOR HAGE: Det er stor hage til huset.



TRETOPPHYTTE: Tidlegare hadde Trine Hofvind og Ole Sigurd Nyvold Hansen dette rommet som soverom. Det var som å sove i ei tretopphytte.



DRIVHUS: Trine Hofvind i drivhuset sitt.

rom. No har dei flytta til andre enden. Der har dei utgang til den andre verandaen frå soverommet. Der har dei også et stort bad med utgang til den overbygde verandaen.

– Eg ville ha eit bad der eg kunne drive med yoga, fortel Hofvind. Det fekk ho.

– Det er veldig god lyd i huset. Det har vore laga mykje musikk her, fortel Hofvind.

Ole Torjus Hofvind, son i huset og kjend musikkprodusent, har brukt det til innspeling og det har fungert bra.

## Frysar-varme

I 2016 bygde dei til drivhus nummer to. Det er bygd inntil det tekniske rommet ved inngangen.

– Her var det frysarar og slikt og det produserte så mykje varme, forklarar Hofvind.

Dei bytta ut eit vindauge med

ei dør. Når det er varmt inne opnar dei opp døra og slepper varmen ut i drivhuset.

– Ein kan ikkje drive her heile vinteren utan varme, men ein kan starte veldig tidleg, fortel Hofvind.

I mars startar ho med å så planter i drivhuset, utan ekstra oppvarming, og om sommaren er det normalt fullt av tomatplanter.

Rett utanfor er det dyrkingskassar og pallekarmar, i nokre blomstrar ringblomstrane framleis.

Hagen er ein ypparleg plass for festar, fortel dei to. Sjølv gitte dei seg her. Det er ikkje noko hinder for å selje.

– No skal vi gjere noko anna, seier Nyvold Hansen.

Hagen er elles så stor og inne-

held så mange tre at dei har nok eigen ved. I Gunheimsbekken rett nedanfor kan dei padle med kano ut i Gvarvelva.

– Lettare å reise når ein reiser frå noko bra

– Her er det mykje fuglar, fortel Hofvind.

Det veks lønn og lind og eik i hagen. I eika finn Nøtteskrika nøtter. På jordet på andre sida av bekken kan dei sjå traner. Det er også eit andepar som har reir like ved. Andemor og andefar brukar å ta seg fri frå ruginga om kveldane og kome å bade i hage-

dammen deira.

Hagedammen er elles så djup at det går fint an å ta eit bad også for andre enn ender. Tidlegare hadde dei gullfisk her, dei overvintrar på botnen. Ein liten hemmeleg hage er det også plass til.

– Me er veldig fornøgde med at det vart så fint her. Det finst ikkje maken. Dette er noko me har tenkt ut sjølv, men det er lettare å reise når ein reiser frå noko bra. Då har ein tilført noko, påpeikar Trine Hofvind.



**RE-ÅPNINGSFEST**  
*hos Huseby Grenland*  
17-19. oktober

**30%**  
på Huseby kjøkken,  
bad og garderobe.

**40%**  
på utvalgte hvitevarer  
fra Siemens.

Vinn gavekort på kjøkken  
til en verdi av **75.000,-\***

Auksjon torsdag 17. oktober  
kl. 18:00. **Gjør et kupp!**

50 stk. goodiebags og smaksprøver!

Miele Kokken kommer  
kl. 16:00 på torsdag.

**Godere priser**  
på utvalgte hvitevarer  
fra Miele, Røroshetta  
og Witt.

**3 FOR 2**  
på utvalgte hvitevarer  
fra AEG - vi spanderer  
den rimeligste.

**30%**  
på benkeplater  
i laminat.

**Huseby®**

**ÅPNINGSTIDER:**

**TOR 10-20 | FRE 10-17 | LØR 10-16**


**HUSEBY GRENLAND**

Bedriftsvegen 76, 3735 Skien Tlf.: 96 00 99 90

\*(Gjelder Huseby produserte varer)



# Midt-Telemarks flotteste panoramatomter



Fra kr  
500.000,-

Fleksihus



= Solgte tomter

Ta kontakt for mer informasjon:  
Lene Bekkhus Ødegården  
📞 920 30 824 ✉️ lenebekkhus@gmail.com

[odegardenpanorama.no](http://odegardenpanorama.no)

Ødegården  
Panorama  
SAUHERRAD



**TRIVSEL:** Kim og Randi kjøpte seg mykje arbeid med garden, men også trivsel og livskvalitet. Ingen av dei saknar bylivet.



**FALL PLADASK:** Kim og Randi fall pladask for garden Skogen, som ligg sentralt, men usjenert i skogen.



**HØNER:** 60 høner produserer egg som dei sel på Reko-ringen og i bua ved riksvegen.



**SYPRIANSEN SMÅBRUK:** Kim Sypriansen og Randi Lund Sypriansen med barna Nicole (10), Erik (6) og Ida (4)

# Kapra draumeplass

**På småbruket Skogen har Kim (46) og Randi (43) funne sin stad. – Me saknar ikkje Oslo i det heile tatt, seier Kim Sypriansen.**

Gro Birgitte Røiland

gro@boblad.no - tlf. 930 22 398

Ein vakker sommardag i 2022 sette Kim Sypriansen og Randi Lund Sypriansen seg i bilen i Oslo med kurs for Midt-Telemark. Målet var visning på småbruket Skogen.

## Jubel i heimen

Ingen av dei hadde kjennskap til

Midt-Telemark frå før, med unntak av Sommarland-besøk på 1980-talet. Da landskapet openberra seg i strålende solskin, frå Notodden med Heddalvatnet, Akkerhaugen med Norsjø og Gvarv med utsikt mot Lifjell, blei dei forelska. På Skogen gard summa biene, blomstrane stod i fullt flor og alt var heilt stille.

Ein falleferdig låve og ein bratt, smal privat grusveg som einaste veg, skremde dei ikkje. Dette bruket ville dei ha.

– Me var litt bekymra, for det var ein del folk på visning, fortel Randi.

Få ville vera med og by, berre eitt bod langt under prisantydning kom inn. Da Randi og Kim la inn bod på prisantydning 2 250 000 kroner, fekk dei tilslaget. Da blei det jubel i heimen.

## Høns og høglandsfe

I oktober 2022 forlet familien 65 kvadratmeter på Valle Hovin og

flytta til småbruk i Bø. Her kom dei til 129 mål eigedom; 40 mål fulldyrka, 10 mål innmark og 80 mål skog. Våningshuset på

140 kvadratmeter, bygd av Olav Skogen i 1923, gav god plass til Randi, Kim og ungane Ida (4), Erik (6) og Nicole (10).

Garden har dei gitt namnet Sypriansen småbruk. Her har Kim sett opp drivhus, garasje, hønsehus og utefjøs for kyrne og starta arbeidet med å rive låven.

Dyr har det kome på garden; to kattar og kattungar, kvige og okse av rasen skotsk høglandsfe, 60 høner og i vinter hadde dei 17

ullgris. Siste tilskot er vaktlar.

Både Kim og Randi er opptatt av matkvalitet og har eit mål om å bli mest mogleg sjølvberga. Dei vil produsere kvalitetsmat både til eige bruk og sal.

Kim, som har jobba i mange år som personleg trenar og kosthaldsrettleiar, har sjølv erfaring med kor viktig maten er for helesa. På garden driv dei regenerativt jordbruk og dýra får økologisk fört.

## Bratt og smalt

Sypriansen småbruk ligg om lag ein halv kilometer frå riks-



ALLE FOTO: Gro B. Røiland

# sen i skogen

veg 36 og industriområdet Brenna.

Grusvegen opp til garden er bratt og smal og går under ein trong jernbaneundergang som gjer det umogleg å køyre storoar og maskiner opp til garden.

Noko av det fyrste dei investerte i var ein liten traktor tilpassa jernbaneundergangen. Den har dei fått god bruk for. Den fyrste vinteren lava snøen ned og Kim jobba seks timer om dagen for å halde vegen open. I sommar har vegen blitt øydelagd av regn to gonger,

noko som har kosta mykje arbeid og slit. Likevel har dei ikkje angra.

## Natur som bakteppe

Eit mål med å finne eit rimeleg småbruk og flytte på landet, var å kunne vera nær naturen og disponerer tida si annleis.

– I byen måtte me ha to fulltidsjobbar og barna i barnehagen heile dagen. Me såg lite til dei, det var mykje stress og mas og me kunne ikkje sleppe ungane ut på grunn av trafikken. Nå bur me midt i naturen. Det er mykje kjempehardt arbeid, men me

jobbar for oss sjølve. Me saknar ikkje Oslo i det heile tatt, seier Kim.

Begge har funne seg jobbar i Telemark, men ingen av dei jobbar fullt. Randi, som er bioingeniør, har halv stilling på Notodden sjukehus. Kim har halv jobb på lageret på Felleskjøpet. Dei sel egg og bacon på Reko-ringen og i bua dei har sett opp ved riksvegen. Målet er at bruket på sikt kan utgjera større del av inntekta.

– Me har gjort det riktige for oss, og me har ikkje sett oss tilbake. Det er noko med å ha natur som bakteppe for livet, seier Randi.



**FRÅ 1923:** Randi Lund Sypriansen og Kim Sypriansen strotrivst i huset frå 1923.



**INN I SKOGEN:** Her startar vegen til småbruket i skogen.



**HØGLANDSFÆ:** Ei kvige og ein okse av rasen høglandsfæ lever gode dagar.



**VAKTLAR:** Nicole (10) følgjer spent med på klekking av vaktlar.



**IMPREGNERING:** Godt førebudd er halvveis gjort. Pensle på litt impregneringsolje, så er møblane klare for vinterlagring.

FOTO: Trine Midtsem/ifi.no

# Vask hagemøblane

**Det verste du kan gjøre for å ta vare på hagemøblane er ingen ting. Her får du tipsa om kva du bør hugse før minusgradane kjem snikande.**

ifi.no

redaksjon@boblad.no

Hagemøblane ser kanskje reine ut på avstand, men ikkje la deg lure. Forureining, støv i lufta, samt vêr og vind tærer på hagemøblane. Set du dei bort utan reingjering først, tærer skiten på møblane gjennom vinteren.

Det er mykje å spare på å gjøre litt vedlikehald, og det verste du kan gjøre er ingen ting i det heile tatt. Lar du dei stå ute om vinteren, risikerer du at dei rett og slett går i stykker. Det er noko å tenke på, for å kjøpe nye hagemøblar er ei betydeleg investering for mange. Med ein ordentleg vask og litt pleie om hausten held møblane seg betre til det er tid for å ta dei fram igjen.

## Vask og pleie

Alle hagemøblar, uansett om dei er laga av tre, plast eller kunstrotting, bør ein vaske før dei blir sett bort for vinteren.

Hagemøblar i tre bør også få påført olje, beis eller måling dersom du ser at det er nødvendig. Ein god test du kan gjøre er den såkalla dråpetesten: Om vassdråpar perlar seg på overflata

er treverket godt beskytta, men trekk det inn, er det på tide å behandle. Deretter bør undersida på stolbeina og bordbeina impregnerast med olje. Pensle på eller gi dei eit skikkeleg fotbad. Då beskyttar du treverket mot fuktinntrenging.

## Vedlikehaldsfrift også

Også møblar i plast og kunstrotting må reingjerast. Det er ingen

unnskyldning at dei er såkalla vedlikehaldsfrie - ta i det minste fram hageslangen og skyll møblane reine før du tørkar av. Om du vil ha dei heilt reine finn du spesialmiddel for vask og beskyttelse av kunstrotting og plast. Nokre reingjermiddel laga for dette inneholder også voks, som fornyar glansen og legg ei beskyttende hinne over.

Sjølv dei mest vedlikehaldsfrie terrassemöblane vil ifølgje eksperiane halde seg mykje finare og lengre med jamleg reingjering.

– Møblar i plast og plastrotting er populært. Det er mellom anna fordi slike møblar krev lite vedlikehald. Mange lar også møblane stå ute heile vinteren. Då er det særleg viktig med rein-

gjering, seier Helge Christiansen hos Krefting.

Han rår til å gå over møblane med vatn og klut før dei vert tekne i bruk. For lettare smussfjerning rår Christiansen til å bruke hageslangen for å skylje og tørke av.

– Møblane ser kanskje reine ut, men når du byrjar å vaske, vil smusset kome fram, seier han.

– Vil ein ha møblane heilt reine, rår eg til å bruke spesialmiddel.

## Rydd eller pakk daginn

Etter at ein har vaska og vedlikehalde, bør ein rydde inn møblene, eller pakke dei inn dersom ein ikkje har plass til å oppbevare dei innandørs. Mange mø-

belsett har eigne trekk som anten følgjer med eller ein kan kjøpe. Ei god presenning er òg eit godt val.

Det siste du bør gjøre er å sorgje for at møblane står stabla minst ein meter unna husvegen. Med snø og is følgjer skitt og forureining, og alt dette skal smelte når våren kjem. Om fuktig snø blir liggjande inntil fasaden over lengre tid, risikerer ein at vatnet trenger gjennom små skadar i målinga, som seinare kan utvikle seg til råteskadar.

Husk likevel at det viktigaste for hagemøblane er at du gjer noko. Om du ikkje har tid til vask og vedlikehald, pakk dei i det minste bort så du kan utsetje vedlikehaldsbehovet til våren.



**ENKELT OG GREITT:** Om du ikkje ønskjer å stå krokbøygd og pensle på olje, kan ein gammal iskremboks vere eit godt triks. La alle møbelbeina få eit godt fotbad med impregningsolje, så er dei godt beskytta. FOTO: ifi.no



**ÅPPE:** Helge Christiansen hos Krefting anbefaler til dømes skumvask på plastrottingmøblar, her brukar han eit spesialmiddel frå Stabil. FOTO: Charlotte Sveinsen/ifi.no

# VINDUER TIL RESTAURERING OG NYBYGG



## ISOFUG

Isolerglass som er fuget inn

## VINDUER

Med alle typer isolerglass

## RAMMER

Vi lager moderne rammer til gamle vinduer

## VINDUER

I std. hvitfarge (S-0502-Y) med PVC/aluminium i glasslister, løse sprosser i PVC

## FASTE SPROSSER

I aluminium utvendig

## Bjervamoen Trevare AS

Tlf. 35 94 75 98 - Epost: kontor@bjervamoentrevare.no

- Vi setter verdi på Midt-Telemark



Tlf. 907 84 247

E-post: post@byggogtakst.no • www.byggogtakst.no

## Våre tjenester:

### TILSTANDSRAPPORT FOR BOLIG

Brukes ved salg av bolig

### VERDITAKST

Bolig, hytte, tomter

### FORHÅNDSTAKST

Prosjekter som skal finansieres

### NÆRINGSTAKST

Alle typer næringsbygg

### LANDBRUKSTAKSERING

Generasjonsskifte eller salg i åpent marked

### ANDRE OPPDRAG

- Rapporter ved
  - Skade, tvistesaker
  - Andre eiendomsforhold


Vi har de nødvendige godkjenninger.



Prisant:  
**1 290 000,- + omk.**

## Huldrevegen 5C

Attraktiv andelsleilighet med høy standard og fantastisk beliggenhet på Nordbøåsen!



|                  |                                       |
|------------------|---------------------------------------|
| Adresse:         | Huldrevegen 5C,<br>3803 BØ I TELEMARK |
| Fellesgj.:       | 1 440 000,-                           |
| Total:           | 2 730 000,-                           |
| Omkost.:         | 11 240,-                              |
| Fellesutgifter:  | 10 256,- pr. mnd,-                    |
| Boligtype:       | Andelsleilighet                       |
| Byggeår:         | 2022                                  |
| BRA-i/BRA Total: | 87/87 m <sup>2</sup>                  |
| Tomt:            | 2 846 m <sup>2</sup> eiet             |
| Finnkode:        | 364532228                             |
| Visning:         | Ons 09. okt kl. 16.00-17.00           |

Husk visningspåmelding!

partners.no

# Vurderer du å selge?

Ring Lena Øverbø  
for gratis verdivurdering i  
oktober!

&LOKALMEGLEREN  
PARTNERS

Ta kontakt for  
verdivurdering og  
uforpliktende  
tilbud.

+4793675047  
lena.overbo@partn  
ers.no

## Årvoll Sør Bø sentrum

Prosjektert tomannsbolig og 3 eneboliger (1 solgt)  
- miljøvennlig byggemåte - romslige  
leiligheter/boliger - heltre - sunt innemiljø



**Berit Seltveit**  
Eiendomsmegler MNEF / Daglig leder / Fagansvarlig  
90998702  
berit.seltveit@partners.no

Boligtype: Enebolig  
Tomannsbolig  
Eieform: Eier



&LOKALMEGLEREN  
PARTNERS

Seljordvegen 113

## Bø - Innleggen

Eldre idyllisk småbruk rett utenfor Bø sentrum

Prisantydning: 2 390 000,-  
 Omkostninger: 60 990,-  
 Totalpris: 2 450 990,-

BRA-i: 113 m<sup>2</sup>  
 Soverom: 4  
 Boligtype: Enebolig  
 Byggeår: 1860  
 Eieform: Eier

Aud Elin Lio  
 Eiendomsmegler MNEF  
 99505481  
 aud.elin.lio@partners.no

&LOKALMEGLEREN  
PARTNERS

Visning: Kontakt megler for visning



Grivibakken 22A

## Grivibakken

Nyere del av tomannsbolig med tre soverom, to bad og åpen stue/kjøkkenløsning!  
 Vestvendt veranda og carport.

Prisantydning: 1 550 000,-  
 Omkostninger: 9 250,-  
 Totalpris: 3 547 194,-  
 Fellesgeld: 1 987 944,-  
 Fellesutgifter: 13 982,-

BRA-i: 129 m<sup>2</sup>  
 Soverom: 3  
 Boligtype: Tomannsbolig  
 Byggeår: 2019  
 Eieform: Andel

Frida Henriksen  
 Eiendomsmegler  
 46811402  
 frida.henriksen@  
 partners.no

&LOKALMEGLEREN  
PARTNERS

Visning: Mandag 14.10 kl. 16:00-17:00



Gymnasbakken 19

## Bø - Gymnasbakken

Innholdsrik familiebolig med autentiske løsninger!  
 Solrik og frodig hage med fantastisk utsikt.

Prisantydning: 4 990 000,-  
 Omkostninger: 126 990,-  
 Totalpris: 5 116 990,-

Soverom: 3  
 Boligtype: Enebolig  
 Byggeår: 1947  
 Eieform: Eier

Frida Henriksen  
 Eiendomsmegler  
 46811402  
 frida.henriksen@  
 partners.no

&LOKALMEGLEREN  
PARTNERS

Visning: Kontakt megler for visning



Nordbøflåtin 17

## Bø - Nordbøåsen

Ny og praktisk bolig med alt på en flate, tre soverom og åpen stue/kjøkkenløsning.  
 Endetomt og solrikt!

Prisantydning: 4 150 000,-  
 Omkostninger: 20 740,-  
 Totalpris: 4 170 740,-

BRA-i: 91.5 m<sup>2</sup>  
 Soverom: 3  
 Boligtype: Enebolig  
 Byggeår: 2024  
 Eieform: Eier

Frida Henriksen  
 Eiendomsmegler  
 46811402  
 frida.henriksen@  
 partners.no

&LOKALMEGLEREN  
PARTNERS

Visning: Kontakt megler for visning



Sandvinvegen 34

## Bø - Sandvin

Sentrumsnær bolig med hybel og stor, solrik hage.  
 Fine turområder i umiddelbar nærhet.

Prisantydning: 2 350 000,-  
 Omkostninger: 59 750,-  
 Totalpris: 2 409 750,-

BRA-i: 165 m<sup>2</sup>  
 Soverom: 3  
 Boligtype: Enebolig  
 Byggeår: 1952  
 Eieform: Eier

Frida Henriksen  
 Eiendomsmegler  
 46811402  
 frida.henriksen@  
 partners.no

&LOKALMEGLEREN  
PARTNERS

Visning: Mandag 7.10 kl. 16:00-17:00



Visning: Kontakt megler for visning

## Gullbringvegen 5 Bø sentrum

Kontor- og hybelbygg | Sentrumsnær  
næringseiendom med leieinntekter på ca. 537 000  
kr i 2024

Prisantydning: 6 700 000,-  
Omkostninger: 168 500,-  
Totalpris: 6 868 500,-

BRA-i: 591 m<sup>2</sup>  
Soverom: 8  
Boligtype: Annet  
Byggeår: 1984  
Eieform: Eier

**Aud Elin Lio**  
Eiendomsmegler MNEF  
99505481  
aud.elin.lio@partners.no



**&LOKALMEGLEREN  
PARTNERS**

Visning: Tirsdag 8.10 kl. 16:00-17:00

## Nordbygdavegen 255 Svenseid

Enebolig med tre soverom, enkelt uthus og stor  
tomt på ca. 3,7 dekar. Landlig beliggenhet!

Prisantydning: 2 290 000,-  
Omkostninger: 58 490,-  
Totalpris: 2 348 490,-

BRA-i: 162 m<sup>2</sup>  
Soverom: 3  
Boligtype: Enebolig  
Byggeår: 1955  
Eieform: Eier

**Frida Henriksen**  
Eiendomsmegler  
46811402  
frida.henriksen@partners.no



**&LOKALMEGLEREN  
PARTNERS**

Visning: Kontakt megler for visning.

## Bøgata 10D Bø sentrum

Råflott leilighet med industrielt preg, god takhøyde og stor balkong på hele 45kvm. Bo i umiddelbar nærhet til alt!

Prisantydning: 1 910 000,-  
Fellesgjeld: 2 012 500,-  
Omkostninger: 9 422,-  
Totalpris: 3 931 922,-  
Fellesutgifter: 12 978,-

P-rom: 95 m<sup>2</sup>  
Bruksareal: 95 m<sup>2</sup>  
Soverom: 2  
Etasje: 2  
Eierform: Borettslag  
Byggår: 2022

Frida Henriksen  
Eiendomsmegler  
46 81 14 02  
frida.henriksen@partners.no



&LOKALMEGLEREN  
PARTNERS



# Trenger du hjelp til kjøp og salg av bolig?

&LOKALMEGLEREN  
PARTNERS

Våre meglere  
hjelper deg gjerne.  
Kontakt oss på  
35 95 41 11



# Dialektplakat

30 x 40 cm.

Passar både på hytta og i heimen!

med  
ramme

Kr. **300,-**

utan  
ramme

Kr. **200,-**

 **Bøblad**  
Lokalavis for Midt-Telemark

Arkitekter

Interiørarkitekter

Landskapsarkitekter

Arealplanleggere

**sorarkitekter.no**

post@sorarkitekter.no

tlf. 350 29500



**sor arkitekter**

## Moderne 4-roms i Bø sentrum



Lektorvegen 20D, 3802 BØ I TELEMARK

Fra hjem til hjem

Lekker ny leil. med 3 soverom.  
Sentrale og rolige omgivelser.  
Sikringsordning|Energibrønn m/lav  
oppvarmings kost |Carport og  
bod|Stor balkong

PRISANTYDNING  
**Kr 2 775 000,-**

ANDEL FELLESGJ. BRA-I/BRA TOTAL  
Kr 2 695 000,- 102/107 m<sup>2</sup>

OMKOSTNINGER TOMT  
Kr 18 632,- 985 m<sup>2</sup> eiet

TOTALPRIS BYGGEÅR  
Kr 5 488 632,- 2024

FELLESUTGIFTER BOLIGTYPE  
Kr 15 312/mnd Leilighet

Prospekt på mobil? Send «Bolig 609240229» til 09999

VELKOMMEN PÅ VISNING  
Tirsdag 8. 10. kl 1700-1800



Jeanette Arnesen-Eriksrød  
Eiendomsmegler  
+47 900 27 026  
jeanette.arnesen-eriksrod@dnbeiendom.no

DNB Eiendom

**FOSSBAD**

Alle speil, møbler  
og vaskerom

**-25%**

Produsert i Norge!

**HAUGESTÅL VVS AIS**

3800 BØ – Tlf. 35 06 06 50

Kampanjepериode gjelder hele oktober.



**LETT Å GLØYME:** Det er lett å gløyme oversida av solskjerminga; me ser den jo ikkje så ofte uansett. Bruk anledninga til å få vaska og impregnert.

FOTO: Chera Westman, ifi.no

# Før vinteren kjem

**Huset ditt skal stå ute om vinteren. Å ta ein sjekk no, og sørge for at alt er på stell før kulda verkeleg kjem, er viktig for å førebyggje dyre og uforutsatte skadar seinare.**

ifi.no

redaksjon@boblad.no

Me er rutinemessig flinke til å sjå over huset om våren, når snøen har smelta vekk. Like flinke bør me vere no når hausten kjem. slik at me kan oppdage potensielle problem før vêret på utsida hamnar på innsida.

IFI - Informasjonskontoret for farge og interiør, oppmodar alle til å allereie no førebu seg på å ta ein kikk på utsida av huset, og gå gjennom denne punktlista.

## 1. Sjekk taket

Det kjem mykje belastning på taket når snø og is legg seg over, men før vinteren kjem hausten, med tradisjonelt større mengder nedbør. Skadar i takstein, shingle og beslag kan føre til at vatn treng ned. Det er ikkje sikkert ein oppdagar lekkasjen med ein gong, og om det frys på kan ein oppleve at frostspeng gjer skadane endå verre.

Om ein allereie no får tatt ein kikk på taket, kan ein samstundes børste vekk mose, og sjekke at snøfangarar sit godt der dei skal.

gen, forklarer teknisk rådgjevar hos ifi.no, Chera Westman.

Har du tid og høve kan du òg vurdere å utbetre skadar på sjølv takrenna og nedløpsrøret. Det er ikkje uvanleg at dei får litt medfart der det ferdast folk og køyretoy. Heldigvis kan dei målast.

## 2. Vegg og fasade

Når me har kontroll på at veggjar og tak held tett, er det viktig å dobbelsjekke at ytterdører og vindauge held same standard.

Opplever du mykje trekk kan du vurdere å setje på ei tetningslist, eller rett og slett bytte ut den gamle. Å ta i bruk den gamle skikken med vintergardiner, alt-så tjukkare og fôra gardiner, kan vere til god hjelp innandørs om vindauga trekk og er dårleg isolerte.

## 5. Utekran

Steng utekrana og tøm han for vatn.

I dag er dei fleste utekraner monterte med fall. Når kranen «spytter» sjølv etter ein trur at ein har vridd om godt nok, er det faktisk krana som tømmer seg sjølv.

## 6. Utomøblar og grill

Hagemøblar som ikkje skal brukast før neste vår, bør vaskast, tørkast og gjerne overflatehandsamast. Det gjeld både tre- og plastmøblar; måling, olje eller anna impregnering vil sørge for at møblane er

klare til bruk neste år. Grillen bør reinsast for feitt og salt.

Har du ikkje plass i bod eller garasje kan møblane stå ute, men då dekka til av ei presenning meint for denne bruken. Det er kanskje praktisk å stable dette inn mot husveggen, men då kan snø og is fangast tett på veggen bak presenninga, og føre til vasskadar når det smelter.

## 7. Impregnere naturstein

Har du steinheller eller andre hageelement av naturstein kan det vere ein fordel å få impregnert desse no. Sjølv om steinen er hard, har mange steintypar ein porøs overflate det kan trenge fukt inn i, og er du uehdig får du frostspeng.

## 8. Markiser og parasollar

Dette er òg eit godt tidspunkt å

vaske og impregnere solskjerminga. Gode markiser er ei investering, og dei må vedlikehaldast for å halde i mange år. Rengjer med eit eigna vaskemiddel, og la det tørke godt. No er eit godt tidspunkt å impregnere tekstilar, før du rullar inn eller pakkar bort.

## 9. Rydd i boden

Til slutt bør du ta ein ekstra kikk i boden eller garasjen, når du er der inne og stablar inn grill og utemøblar som skal vinterlagrast. Ser du flasker med kjemikaliar eller målingsspann, er det ein fordel å få desse inn i romtemperatur, om boden ikkje allereie har dette, sidan ikkje alle toler å bli fryst i kulda. Sprukne behaldarar med kjemikaliar er ei uehdig overrasking når dei byrjar å smelte igjen.



**REINS:** Ei tett takrenne gjer ikkje jobben sin. Unngå vatn som renn langs kledninen ved å sørge for fri flyt, og reins takrenna for lauv og bøss.

FOTO: Chera Westman, ifi.no

**DITT LOKALE STEINSENTER**

Steinsenteret Bø har spisskompetanse på Stein og ovner og er ditt lokale senter for oppussing og vedlikehold. Vi har alt du trenger for å løfte stemningen - både inne og ute

**STEINSENTERET****-30%****PÅ ALLE KRUKKER OG POTTER****FROSTSIKRE  
I BETONG & STEIN****KLASSISK****FLEKSIBEL****NORSK NATURSTEIN****TILBUD!  
179,-****PR M<sup>2</sup>****NORSJØ, KOMBISTEIN, I-STEIN****PISA 2 STØTTEMUR****STACKSTONE STØTTEMUR****OPPDAL SKIFER****BELEGNINGSTEIN****Kvalitet som varer**

Vi ønsker å tilby våre kunder de absolutt beste ovnene, innsatsene og peisene. Derfor er alle våre produkter støpt i Norge av de ypperste materialene som er tilgjengelige. Ingenting er som en vedovn eller en koselig peis, fordi de oser av tradisjon, kos og ikke minst varme.

**Varme fra Norge**

Vår lidenskap for oppvarming og vår lange erfaring med å mestre det skandinaviske klima, har lært oss at varme er mer enn det som kan måles av et termometer.

**JOTUL  
GROUP**

Finn din drømmepeis hos Steinsenteret Bø  
Gvarvvegen 332, 3800 Bø i Telemark

**reddot winner 2024**



**BLI NY:** Denne gamle krakken passa ikkje inn i leilegheita der han skulle bu, men med litt måling fekk han nytt liv. Skulle ein gå lei av fargen, kan ein måle krakken på nytt, eller pusse den ned og beise. Det er mange moglegheiter for å tilpasse det du allereie har, til stilen du ønskjer deg.

FOTO: ifi.no

# Trendy gjenbruk

**Som ei motvekt til overforbruk har ein form for underforbruk blitt trend på sosiale medium under kallenamnet «underconsumption core». Kva er denne trenden, og kvifor har den blitt interessant nå?**

ifi.no

redaksjon@boblad.no

Det er ikkje ukjent at internett-brukarar likar å setje namn på dei raraste ting. Fusjonen mellom skandinavisk og japansk stil har til dømes fått namnet Japandi. Som ei motvekt til overforbruk har nå trenden «Underconsumption core» byrja å spreie seg.

– Dette er vel så mykje ein livsstil som ein innreiingsstil, seier Charlotte Holberg Sveinsen, kreativ leiar og fargesjef i IFI - Informasjonskontoret for farge og interiør.

– Det handlar om å bruke opp det ein har, bruke det ein har tilgang til og gjere det beste ut av det, seier ho.

Stovebordet er kanskje arva, golvteppet har ein halde på sidan den første studentbustaden og sofaen kjøpte ein brukt for nokre år sidan. Her har forbrukaråtferd like mykje å seie som stil.

## Glad i å kaste

For den som ønskjer å ha eit litt meir beskjedent forbruk, er det

og nokre gode tips når det kjem til interiør. Vel du møbler og interiør av ein kvalitet som ein kan redesigne og friske opp, har du dei lenger. Ved å kjøpe sjeldnare, er sjansen større for at du kan investere i gode val når du først skal bytte ut noko.

Det kan også vere meir naudsynt å lære seg nokre tips for korleis du kan reparere og vedlikehalde det du allereie har.

– Me lever jo i eit samfunn der me dessverre har blitt veldig glade i å kaste og kjøpe nytt, men det er ingen grunn til å kvitte seg med ting berre fordi dei har gått i stykker. Det meste kan til dømes limast saman, og om ein vel rett lim til oppgåva blir det ein haldbar og varig reparasjon, seier Rune Ludvigsen fra Dana Lim.

## Personlege verdiar

Lene Kristine Åm, interiørerekspert og marknadssjef i Happy Homes, legg også merke til at

me lever i eit samfunn som brukar og kastar mykje.

– Heldigvis ser me ei sakte endring mot tradisjonar og anti-kvitetar, som gir verdiar som er mykje meir personlege og viktigare enn å imponere eller vise status med nye ting, seier ho.

Åm har også tips til korleis du kan fornye veggar og golv heime, utan å måtte kvitte deg med møblar og dekor du allereie har.

– Det er viktig å tilpasse fargar på dei andre overflatene til møblane. Det kan vere både å plukke opp ein farge i møbelet, eller bruke fargar der møbelet kjem fram som eit smykke. Ein treng ikkje nødvendigvis å følgje stilepoken til møbelet, men ein må ikkje bruke kontrastar i så stor grad at møbelet mister respekt, understrekar Åm.

– Ein kan også sjå om ein kan pusse opp møbelet slik at det passar med paletten ein ønskjer seg, legg ho til.

## Alt kan målast

Åm rår til at ein tek kontakt med ein interiørkonsulent eller fargerådgjevar. Med kyndig rettleiing er det lettare å lukkast når det er mange omsyn å ta. Å kombinere det å ha det fint heime med å ta godt vare på tinga sine, kan krevje at ein vel eit meir tidlaust design.

– Med tidlaust meiner ein at noko varar i mange år. Klassis-

ke fargar, mønster og treslag går aldri av moten og blir aldri feil, seier Åm.

– Eik, fargar med lite kulørstyrke, ornament eller blomar er trygge, tidlause val. Når du skal pusse opp så må du alltid sjå på kva du kan bruke om att, og skal du kjøpe noko nytt, kan du sjå på finn.no eller andre bruktsal først. Alt kan målast, seier Åm.

## Trenden sitt opphav

Som mange andre interiörtrender starta underforbrukstrenden med sminke og mote. I det siste har det vore ein populær innhaldstype å filme at ein ryddar, kastar eller donerer det ein ikkje brukar sjølv, såkalla «decluttering», der ein tek sjåaren med på eit aldri så lite ryddeeventyr.

Vidare herifrå var det mange som reagerte på mengda kosmetikk og klede som mange influensarar har liggjande ubrukt. Fokuset blei retta mot kor lite miljøvennleg det er å ha fleire titals versjonar av same produkt, og mange viste fram sine eigne klesskap eller sminkepungar, med vekt på kor lite dei sjølv konsumerer av slike varer.

Dermed oppstod det ei motrørsle mot overforbruk, og omgrepet ”underconsumption core” tok for alvor av i overgangen mellom juli og august i år. Det er framleis full fart rundt emneknagen.

## FAKTA

### Kva er underconsumption core?

- Ta vare på det du har
- Bruk det du har - kanskje til noko anna
- Puss opp i staden for å kaste
- Reparer øydelagde ting
- Vel kvalitet som held lenge
- Skap ein personleg stil



**HYGGE:** Gamle glasflasker som vaser, eit litt slitt spisebord og stolar som ikkje matchar. Likevel osar rommet av hygge og kos.

FOTO: Andy Gore Ltd



**KJØKKEN & INNREDNINGER**

Vi måler, produserer, transporterer og monterer stort sett over hele Østlandet.

**Ajer og Nilsen  
Trevarefabrikk**

Tlf. 91 86 38 82 / 40 44 44 00 • 3825 Lunde

Vi kan levere alt av:

- pukk • grus • stein • betong

over hele Midt-Telemark!

**HELLESTAD**  
SANDTAK



# Frå minimalisme t

**For hausten 2024 og vinteren 2025 skimtar me eit spennande skifte. Sjølv om mange framleis vel den trygge paletten som beige, kvitt og grått, byrjar ein ny æra å ta form.**

*ifi.no  
redaksjon@boblad.no*

Ifølgje trenforskar Jorunn Tharaldsen markerer 2025 starten på ei meir medviten tilnærming til interiørdesign. Forbrukarane vil ikkje berre følgje trendar blindt, men i større grad velje løysingar som appellerer til både kjensler og fornuft. Ho skildrar overgangen slik:

– Minimalismen sin enkelheit smeltar saman med maksimalismen sin rikdom, og skaper ein palett av uttrykk som reflekterer både hjarte og hjerne. Me beveger oss meir og meir i retning mot ein æra der berekraft og varigheit set premissane, seier ho.

– Det svenske ordet for berekraft er ”hållbarhet”. Det er eit dekkjande ord for kva som set dei nye livsrammene og vilkåra.

## Nøytral base til rike fargar

Det er ingen tvil om at beige, grått og kvitt framleis dominerer i mange norske heimar. Anette Bolme hos INTAG stadfestar at varme beige tonar og naturmateriale er svært etterspurde i heile bransjen:

– Desse nøytrale tonane, ofte i dempa, støvete variantar, gir ei roleg og harmonisk atmosfære som appellerer breitt.

– Samstundes ser me ei aukande interesse for meir farvesterke løysingar. Nordsjø lanserte nyleg sin Årets farge for 2025, True Joy, ein knall gul tone som set eit optimistisk preg på den komande sesongen. Varme ferskenfargar ser me mykje av. Bruntonar, rosatonar og bordeaux er òg på frammasj, saman med meir naturinspirerte nyansar som grønt og dempa lavendel, fortel Charlotte Holberg Sveinsen, kreativ leiar og fargesjef i IFI - Informasjonskontoret for farge og interiør.

– Dette blir òg reflektert i den fargepaletten som Alcro og livsstilsmagasinet Elle har teke fram for hausten 2024, der bordeaux, dus rosa og lys blågrøn saman med vanilje og kvitt dannar grunnlaget for eit fargerikt og balansert uttrykk, legg Sveinsen til.



**LUFT:** Varme ferskenfagnar er med, og denne duse versjonen gir rommet ei lett og luftig kjensle.

## Naturmateriale

Det er ikkje berre fargane som skaper ein varmare atmosfære i heimane.

Naturmateriale står framleis sterkt, både når det kjem til tekstilar, møblar og overflater.

Annette Bolme fortel at grovare vovne stoff, og tekstilar med struktur, er etterspurde. Dette gjeld både einsfarga tekstilar og dempa mønster, som tilfører djupne og ein taktil kjensle til interiøret.

Tynnare, transparente gardinar er òg populære, gjerne med matte eller svakt skinande overflater som mjukar opp lysinnslippet og gjev rommet eit lett, luftig preg.

Torhild Rustenberg hos InHouse peikar på at stofffleheit generelt spelar ei større rolle i dagens interiør, med eit auka fokus på karakter og leikenhet.

Ho ser òg ein auke i interessa for retrorendar, der materialval

og mønster inspirert av tidlegare tidsepokar gjev heimane eit unikt og personleg uttrykk.

Dette, kombinert med ei større interesse for gjenbruk, understrekar ein trend der individuitet og historie vert vovne inn i det moderne interiøret.

## Handverket sitt comeback

2024 og 2025 markerer òg ei revitalisering av gjenbruk og godt handverk. Bruken av gyldne metall som messing og kopar, handvevd teknika, tapet med struktur, og broderi er på veg tilbake, og det blir lagt større vekt på kvalitet og varigheit. Forbrukarane stiller seg stadig oftere spørsmålet: kvifor skal eg velje dette?

Tharaldsen meiner at dette reflekterer ei stor medvitet blant forbrukarane, der balansen mellom trend og tidløyse blir stadig viktigare. Å kombinere element som gir ekte tilfredsstillelse,

både emosjonelt og estetisk, blir essensielt i jakta på eit heim som varer. Denne trenden gir seg utslag i ein aukande etterspurnad etter materialar og mønster som fortel ei historie, samstundes som dei oppfyller moderne krav til funksjon, og ikkje minst til berekraft.

## Interiøret i framtida

For å navigere i dagens interiørrendar handlar det om å vega det noverande mot det evigvarande.

Som Annette Bolme seier:

– Vel det som gir den gode kjensla, det du verkeleg likar. Det overlever trendar, og det er det ein som regel blir mest nøgd med.

Enten det handlar om å omfamne rikare fargepalettar eller å velje dei meir trygge tonane, er tendensen klar: heimane skal reflektere både personlegdom, stil og varigheit, med fokus på ma-

terialar og fargar som gir glede og ro, og der minimalismens enkelheit møter maksimalismens rikdom. Det vil skape rom for kreativitet, kjensler, personlegdom og medvit.

## FAKTA

### Kort oppsummert

- Me ser mot fargar som lun beige, rosa og fersken, burgunder, lys blågrøn, brun, lavendel, og lilla
- Me ønskjer meir tekstur, og fleire teksturar samtidig.
- Det handlar om lette gardiner
- Me går mot gyldne metallar
- Det skal vere personleg preg, gjerne med fokus på gjenbruk

# til maksimalisme



FOTO: Anne Andersen



**ROSA MAKSIMALISME:** Personlegdom og eit interiør som seier kven ein er, tar over plassen til minimalismen.

FOTO: Alcro



**MØNSTER:** Tekstilmønster treng ikkje lenger å matche så slavisk som det har gjort tidlegare. Blomar, striper, prikkar og fargar kan gjerne kombinerast som krydder i interiøret.

FOTO: Andy Gore Ltd



**SANN GLEDE:** Årets farge 2025 frå Nordsjø er ein optimistisk, modig og glad gulfarge med mykje kulør, som spelar på lag med fleire andre fargar. Her kan ein skimte ein leiken gulfarge som handmåla bord øvst i biletet.

FOTO: Nordsjø



# Alt til byggeplassen

Bygg med tillit ved å velge  
TBU AS, din **ultimate**  
**leverandør for alt på**  
**byggeplassen.**

# TBU